



Sunnfjord kommune



GAULAR



JØLSTER



FØRDE



NAUSTDAL



Handlingsprogram – vedtatt juni 2019

**Interkommunal plan for klimaomstilling i kommunane
Førde, Gaular, Jølster og Naustdal**

2019–2022

www.prosjektsunnfjord.no



Innhold

1	Innleiing	3
2	Tiltak for å nå måla i planen for klimaomstilling	4
	Skjematisk oversikt over alle tiltaka og kva plantema dei høyrer til.....	4
3	Handlingsprogram – tiltak i planperioden.....	7



1 Innleiing

Interkommunal plan for klimaomstilling i kommunane Førde, Gaular, Jølster og Naustdal 2019–2030 har ni prioriterte plantema.

Plantemaa er:

- energiforsyning og energibruk i bygg
- areal og transport
- næringsliv og teknologi
- landbruk
- natur og friluftsliv
- kritisk infrastruktur
- forbruk og avfall
- klimakunnskap og klimakommunikasjon
- klimatilpassing

Interkommunal plan for klimaomstilling er todelt: ein kunnskaps- og plandel og eit handlingsprogram.

Kunnskaps- og plandelen skildrar status, utviklingstrekk, utfordringar og mål for planperioden.

Handlingsprogrammet seier kva tiltak vi skal sette i verk for å nå måla.



2 Tiltak for å nå måla i planen for klimaomstilling

Dette kapittelet skisserer innhaldet i kvart tiltak, kven som har ansvaret for tiltaket, kostnadsoverslag, kritiske suksessfaktorar og tidspunkt for oppstart. Tiltaka står ikkje i prioritert rekkefølge. Saman med klimakoordinatoren må gruppa kome fram til ein realistisk framdriftsplan for kvart tiltak. Prioritering mellom tiltaka må skje ut frå kva tiltak som gir størst kutt i klimagassutslepp eller størst effekt på klimatilpassing. Samtidig er ein del av tiltaka avhengige av ulike tilskot og prioritering i kommunen sin økonomiplan.

Skjematisk oversikt over alle tiltaka og kva plantema dei høyrer til

Nr.	Tiltak i handlingsperioden 2019–2022	Energiforsyning og energibruk i bygg	Areal og transport	Næringsliv og teknologi	Landbruk	Natur og friluftsliv	Kritisk infrastruktur	Forbruk og avfall	Klimakunnskap og -kommunikasjon	Klimatilpassing
1	Lage ENØK-plan i Sunnfjord kommune	X								
2	Auke tilrettelegging og tilknytingsplikt for fjernvarme i Sunnfjord kommune	X								
3	Auke bruken av solenergi både i kommunale bygg og hos private aktørar	X		X	X					
4	Greie ut potensialet ved å sette av eigne stillingsressursar som jobbar med energieffektivisering i kommunale bygg	X						X		
5	Redusere transportbehov gjennom god arealplanlegging og auka bruk av digitale løysingar		X	X	X			X	X	
6	Auke delen innbyggjarar som går, sykklar eller nyttar kollektiv transport i Sunnfjord kommune		X	X		X		X	X	
7	Auke tal ladepunkt for elbilar i Sunnfjord kommune		X	X		X		X	X	
8	Etablere møteplass for klimaoptimal landbruksdrift og utarbeide tiltaksplan for landbruk i Sunnfjord kommune		X	X	X				X	X
9	Auke bruken av tre som byggemateriale i offentlege bygg			X	X			X	X	



Nr.	Tiltak i handlingsperioden 2019–2022	Energiforsyning og energibruk i bygg	Areal og transport	Næringsliv og teknologi	Landbruk	Natur og friluftsliv	Kritisk infrastruktur	Forbruk og avfall	Klimakunnskap og -kommunikasjon	Klimatilpassing
10	Kartlegge og vurdere område for verneskog i Sunnfjord kommune		X		X		X			X
11	Kartlegge eksisterande skogs-/landbruksvegnett		X		X		X			X
12	Kartlegge friluftslivsområde		X			X				
13	Utarbeide klimaprofil for Sunnfjord kommune		X		X	X	X			X
14	Kartlegge og klimatilpasse kommunalt vegnett		X		X		X			X
15	Kartlegge og klimatilpasse vatn og avløp		X				X			X
16	Kartlegge kritiske punkt i bekkar og bratte vassdrag		X				X			X
17	Legge gjeldande retningslinjer for miljøstandardar til grunn ved offentlege innkjøp		X	X				X		
18	Etablere tverrfagleg ressursgruppe knytt til grønne innkjøp	X	X	X	X			X	X	
19	Stimulere til grønne innovasjonsprosjekt	X	X	X	X	X	X	X	X	X
20	Greie ut moglegheiter for å styrke lokale verdikjeder i kommunen og regionen rundt			X				X		
21	Auke tal bygg og bedrifter som er miljøtårnsertifiserte	X		X				X	X	
22	Utarbeide årleg klimarekneskap i Sunnfjord kommune	X					X	X	X	
23	Etablere ordningar som fører til mindre forbruk, auka gjenbruk og meir sortering av avfall			X	X			X	X	
24	Utarbeide strategi for klimakommunikasjon								X	
25	Arrangere klimakampanjar og utarbeide informasjon om klima frå Sunnfjord kommune								X	



Sunnfjord kommune



GAULAR



JØLSTER



FØRDE



NAUSTDAL

Nr.	Tiltak i handlingsperioden 2019–2022	Energiforsyning og energibruk i bygg	Areal og transport	Næringsliv og teknologi	Landbruk	Natur og friluftsliv	Kritisk infrastruktur	Forbruk og avfall	Klimakunnskap og -kommunikasjon	Klimatilpassing
26	Etablere stilling/ansvar som klima- og miljøkoordinator i Sunnfjord kommune	X	X	X	X	X	X	X	X	X
27	Etablere tverrfagleg klimagruppe i Sunnfjord kommune	X	X	X	X	X	X	X	X	X
28	Gjennomføre årlege ungdomsseminar om klima								X	
29	Utarbeide tverrfaglege skuleopplegg om berekraftig utvikling og klima								X	
30	Systematisere tilgjengeleg informasjon og statistikk om forbruk, avfall, klimatilpassing og klimaomstilling	X	X	X	X	X	X	X	X	X
31	Utarbeide strategi for klima og energi i Sunnfjord kommune	X	X	X	X	X	X	X	X	X



3 Handlingsprogram – tiltak i planperioden

Tiltak 1: Lage ENØK-plan i Sunnfjord kommune

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk	ENØK-planen bør omfatte tiltak knytte til energimerking av kommunale bygg og tilrådingar til korleis vi kan effektivisere og redusere energibruken i bygga våre. Han bør også omfatte tiltak for oljefyranlegg i kommunale bygg samt nedgravne oljetankar.	Kopling til tema i plandelen	Energiforsyning og energibruk i bygg
		Kostnad og finansiering	
		Kritiske suksessfaktorar	Ha ressursar til å følge opp dei foreslåtte tiltaka
		Start og slutt	Start i 2021, deretter kontinuerleg

Tiltak 2: Auke tilrettelegging og tilknytingsplikt for fjernvarme i Sunnfjord kommune

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk	Legge til rette for fjernvarme basert på fjordvarme, bioenergi, varmepumper og miljøvennlege løysingar. Om det ligg føre konsesjon for fjernvarmeanlegg, bør det vere tilknytingsplikt for bustader og verksemdar.	Kopling til tema i plandelen	Energiforsyning og energibruk i bygg
		Kostnad og finansiering	
		Kritiske suksessfaktorar	
		Start og slutt	Kontinuerleg

Tiltak 3: Auke bruken av solenergi både i kommunale bygg og hos private aktørar

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk	Ved rehabilitering/oppgradering/nybygging av kommunale bygg skal vi vurdere om takarealet er eigna til å produsere solenergi, enten ved å montere solceller til straumproduksjon eller solfangarar til oppvarming av vatn. Gjennomføre analysar av energibehov opp mot effekt av slike løysingar. Rettleie private aktørar som ønsker å velje slike løysingar.	Kopling til tema i plandelen	Energiforsyning og energibruk i bygg Landbruk Næringsliv og teknologi
		Kostnad og finansiering	Økonomiplan
		Kritiske suksessfaktorar	
		Start og slutt	Kontinuerleg



Tiltak 4: Greie ut potensialet ved å sette av egne stillingsressursar som jobbar med energieffektivisering i kommunale bygg

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk	Kommunane har få ressursar til arbeid med energieffektivisering. Ved å arbeide aktivt med energieffektivisering kan vi spare kostnader, og vi bør derfor greie ut potensialet.	Kopling til tema i plandelen	Energiforsyning og energibruk i bygg Forbruk og avfall
		Kostnad og finansiering	Sjølvfinansierande
		Kritiske suksessfaktorar	
		Start og slutt	Innan utgangen av 2021

Tiltak 5: Redusere transportbehovet gjennom god arealplanlegging og auka bruk av digitale løysingar

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk	Kommunal planlegging skal legge til rette for at utbygging skjer i sentrumsnære område og ved sentrale knutepunkt, gjennom overordna planar som samfunnsdel og arealdel. Legge til rette for mindre transport knytt til fritidstilbod, arbeidsmarknad og bustadområde. Bruke regionalt planforum for drøfting og avklaring av planspørsmål knytte til klimaomstilling. Sunnfjord kommune skal auke bruken av digitale løysingar, slik at transportbehovet til både tilsette og innbyggjarar blir minimert.	Kopling til tema i plandelen	Areal og transport Landbruk
		Kostnad og finansiering	Klimasatsmidlar
		Kritiske suksessfaktorar	Samarbeid med næringslivet, Fylkesmannen, fylkeskommunen, SVV m.fl.
		Start og slutt	Kontinuerleg ved alt planarbeid

Tiltak 6: Auke delen innbyggjarar som går, sykklar eller nyttar kollektiv transport i Sunnfjord kommune

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk	- samarbeide med fylkeskommunen om å betre kollektivtilbodet - vurdere parkeringsordningar	Kopling til tema i plandelen	Areal og transport Klimatilpassing Forbruk og avfall Næringsliv og teknologi Natur og friluftsliv



Sunnfjord kommune



GAULAR



JØLSTER



FØRDE



NAUSTDAL

	• bygge ut fleire gang- og sykkelveggar og få dei mest mogleg samanhengande • legge til rette for sykkelparkering med tak • vidareføre sykkelbyprosjektet • vurdere stimuleringsiltak for auka bruk av samkøyring	Kostnad og finansiering	
		Kritiske suksessfaktorar	Samarbeid med fylkeskommunen og SVV
		Start og slutt	Kontinuerleg

Tiltak 7: Auke tal ladepunkt for elbilar i Sunnfjord kommune

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk	Kartlegge behov for ladeinfrastruktur for elbilar og sørge for utbygging i tråd med framtidig behov (både hurtig- og langstidsladestasjonar). Auke tal ladepunkt for elbilar i nye bustadfelt (private og kommunale). Samarbeide med utbyggjarar, burettslag, næringsaktørar og andre om finansiering og utbygging av ladepunkt.	Kopling til tema i plandelen	Areal og transport Forbruk og avfall Næringsliv og teknologi Natur og friluftsliv Klimakunnskap og -kommunikasjon
		Kostnad og finansiering	Tilskotsordningar for ladestasjonar
		Kritiske suksessfaktorar	
		Start og slutt	Start i 2020, deretter kontinuerleg

Tiltak 8: Etablere møteplass for klimaoptimal landbruksdrift og utarbeide tiltaksplan for landbruk i Sunnfjord kommune

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk	Etablere ein fast møteplass der klimaoptimal landbruksdrift er tema. Ved hjelp av energi- og klimakalkulator for landbruket kan ein finne potensial for kutt og binding som kan munne ut i ein tiltaksplan for landbruk i Sunnfjord kommune. Viktige samarbeidspartnarar for å få dette til er faglag, leverandørar og rådgivingstenester, Vestskog, fylkeskommunen, Mo og Øyrane vidaregåande skule og Fylkesmannen.	Kopling til tema i plandelen	Landbruk Areal og transport Næringsliv og teknologi Klimakunnskap og –kommunikasjon Klimatilpasning
		Kostnad og finansiering	Klimasatsmidlar
		Kritiske suksessfaktorar	
		Start og slutt	Innan 2023



Sunnfjord kommune



GAULAR



JØLSTER



FØRDE



NAUSTDAL

	Finne pilot på gardsbruk for utprøving av tiltaksplan på eignedomsnivå/gardsbruk.		
--	---	--	--

Tiltak 9 : Auke bruken av tre som byggemateriale i offentlege bygg

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk	Tre er det mest miljøvennlege materialet. Det er fornybart og bind CO ₂ i vekstfasen. Legge føringar for offentlege utbyggarar om å prioritere tre og/eller synleggjere treets miljømessige føremoner.	Kopling til tema i plandelen	Landbruk Energiforsyning og energibruk i bygg Forbruk og avfall Klimakunnskap og – kommunikasjon
		Kostnad og finansiering	Klimasatsmidlar
		Kritiske suksessfaktorar	
		Start og slutt	Kontinuerleg

Tiltak 10: Kartlegge og vurdere område for verneskog i Sunnfjord kommune

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk	Kartlegge skog som fungerer som verneskog/sikringsskog mot naturfare for bustader og infrastruktur i dag. Lage rutine for utarbeiding av skjøtselsplan for verneskog.	Kopling til tema i plandelen	Landbruk Klimatilpassing Areal og transport Kritisk infrastruktur
		Kostnad og finansiering	Tilskotsmidlar
		Kritiske suksessfaktorar	Samarbeid med Fylkesmannen, fylkeskommunen, bondelagsorganisasjonar og NVE
		Start og slutt	Start i 2019

Tiltak 11: Kartlegge eksisterande skogs-/landbruksvegnett

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk	Å skaffe oversikt over og kartlegge eksisterande skogs-/landbruksvegnett er nødvendig for å finne kritiske punkt knytt til dimensjonering og rasfare.	Kopling til tema i plandelen	Landbruk Klimatilpassing Areal og transport Kritisk infrastruktur
		Kostnad og finansiering	
		Kritiske suksessfaktorar	Ressursar til arbeidet
		Start og slutt	Innan 2022



Tiltak 12: Kartlegge friluftslivsområde

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk/kultur	Jølster har kartlagt og verdsett sine friluftslivsområde, og dette arbeidet er starta i dei andre tre kommunane.	Kopling til tema i plandelen	Klimatilpassing Areal og transport Natur og friluftsliv
		Kostnad og finansiering	Støtte frå fylkeskommunen
		Kritiske suksessfaktorar	Ressursar til arbeidet
		Start og slutt	2019–2021

Tiltak 13: Utarbeide klimaprofil for Sunnfjord kommune

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk	Utarbeide ein klimaprofil for Sunnfjord kommune. Klimaprofilen for Sogn og Fjordane kan brukast som eit utgangspunkt. Klimaprofilen skal danne grunnlag for tiltak og vidare analyse av flaumberekning, overvasshandtering, havnivåstigning osv. Profilen blir også eit kunnskapsgrunnlag for arealplanar og utarbeiding av ny heilskapleg ROS-analyse for Sunnfjord kommune.	Kopling til tema i plandelen	Klimatilpassing Areal og transport Kritisk infrastruktur Landbruk Natur og friluftsliv
		Kostnad og finansiering	Tilskotsmidlar FK
		Kritiske suksessfaktorar	Tilskotsmidlar FK
		Start og slutt	Start i 2019

Tiltak 14: Kartlegge og klimatilpasse kommunalt vegnett

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk	Det er behov for å kartlegge eksisterande infrastruktur og digitalisere kunnskapen om denne, og bruke dette til å prioritere utbetring av infrastruktur: • kartlegge tilstanden på grøfter, drenering, vegutstyr og tekniske anlegg/installasjonar • stille krav til god drenering på eksisterande veginfrastruktur for å redusere påverknaden av endra klima • planlegge nye vegprosjekt med dimensjonar og drenering som inkluderer gjeldande klimapåslag	Kopling til tema i plandelen	Klimatilpassing Areal og transport Kritisk infrastruktur Landbruk
		Kostnad og finansiering	Tilskotsmidlar
		Kritiske suksessfaktorar	
		Start og slutt	Innan 2022



Tiltak 15: Kartlegge og klimatilpasse vatn og avløp

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk	Det er behov for å kartlegge eksisterande infrastruktur og digitalisere kunnskapen om denne. Dette kan brukast til å prioritere utbetring av infrastruktur.	Kopling til tema i plandelen	Klimatilpassing Areal og transport Kritisk infrastruktur
		Kostnad og finansiering	Tilskotsmidlar
		Kritiske suksessfaktorar	
		Start og slutt	Innan 2022

Tiltak 16: Kartlegge kritiske punkt i bekkar og bratte vassdrag

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk	NVE lanserte ei ny tilskotsordning i 2018 for å stimulere kommunane til å kartlegge kritiske punkt i bekkar og bratte vassdrag. Kritiske punkt kan vere tekniske inngrep eller naturgitte forhold som kan føre til overfløyming. Oversikt over kritiske punkt kan bidra til at nødvendige tiltak blir sette i gang, og at risikoen for skadar blir redusert. Førde og Jølster starta opp dette arbeidet i 2018, og målet er at alle aktuelle vassdrag i Sunnfjord kommune bør kartleggast.	Kopling til tema i plandelen	Klimatilpassing Areal og transport Kritisk infrastruktur
		Kostnad og finansiering	Tilskotsmidlar frå NVE
		Kritiske suksessfaktorar	Tilskotsmidlar frå NVE
		Start og slutt	Start i 2018

Tiltak 17: Legge gjeldande retningslinjer for miljøstandardar til grunn ved offentlege innkjøp

Ansvar	Innhald		
Stab	Offentlege innkjøp/anskaffingar skal vere i tråd med Difis retningslinjer om miljø i offentlege anbod og stille krav til miljøegenskapar og livsløpskostnader. Dette kan t.d. vere miljøvennleg produksjon av tenesteklede, redusert bruk av emballasje og miljøvennlege bilar.	Kopling til tema i plandelen	Forbruk og avfall Næringsliv og teknologi Areal og transport
		Kostnad og finansiering	Klimasatsmidlar
		Kritiske suksessfaktorar	
		Start og slutt	Kontinuerleg

**Tiltak 18: Etablere tverrfagleg ressursgruppe knytt til grønne innkjøp**

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk / stab	Ressursgruppa skal mellom anna gjere følgande: - Kartlegge innkjøpsområde der det er ønskeleg med strategiske og innovative innkjøpsprosessar. - Kartlegge kva innkjøpsområde vi det komande året bør stille spesifikke miljøkrav på. Kriterium for val av innkjøpsområde kan vere verdi, potensial for utsleppsreduksjon, tilgang på løysingar i marknaden, m.m. - Bidra med kunnskap om desse spesifikke miljøkrava.	Kopling til tema i plandelen	Forbruk og avfall Næringsliv og teknologi Energiforsyning og energibruk i bygg Areal og transport Landbruk Klimakunnskap og – kommunikasjon
		Kostnad og finansiering	Tiltaket går inn i dei ordinære arbeidsoppgåvene til kommunen
		Kritiske suksessfaktorar	Forankring og rette medlemmar i gruppa
		Start og slutt	Kontinuerleg

Tiltak 19: Stimulere til grønne innovasjonsprosjekt

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk / stab	Kommunale verkemiddelordningar som nærings- og kraftfond og utviklingsprosjekt bør prioriterast med tanke på grøn innovasjon og vekstkraft.	Kopling til tema i plandelen	Alle
		Kostnad og finansiering	Klimasatsmidlar
		Kritiske suksessfaktorar	
		Start og slutt	Kontinuerleg

Tiltak 20: Greie ut moglegheiter for å styrke lokale verdikjeder i kommunen og regionen rundt

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk / stab	Greie ut potensial og peike på moglegheiter for bedrifter knytt til - lokal produksjon - lokal distribusjon - lokal(t) marknad og forbruk - lokal avhending og sirkulering	Kopling til tema i plandelen	Forbruk og avfall Næringsliv og teknologi
		Kostnad og finansiering	
		Kritiske suksessfaktorar	
		Start og slutt	Kontinuerleg



Tiltak 21: Auke tal bygg og bedrifter som er miljøtårnsertifiserte

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk	Jobbe for at alle kommunale bygg skal vere miljøfyrårnsertifiserte. Tilby miljøfyrårnsertifisering til bedrifter i kommunen.	Kopling til tema i plandelen	Forbruk og avfall Klimakunnskap og klimakommunikasjon Næringsliv og teknologi Energiforsyning og energibruk i bygg
		Kostnad og finansiering	
		Kritiske suksessfaktorar	
		Start og slutt	Start i 2020

Tiltak 22: Utarbeide årleg klimarekneskap i Sunnfjord kommune

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk	Stadig fleire kommunar tar i bruk klimarekneskap. Denne rekneskapen viser samla utslepp av klimagassar i kommunen si verksemd, og kan synleggjere kvar det er forbedringspotensial.	Kopling til tema i plandelen	Forbruk og avfall Klimakunnskap og klimakommunikasjon Klimatilpassing Energiforsyning og energibruk i bygg Kritisk infrastruktur
		Kostnad og finansiering	
		Kritiske suksessfaktorar	
		Start og slutt	Start i 2020



Tiltak 23: Etablere ordningar som fører til mindre forbruk, auka gjenbruk og meir sortering av avfall

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk	Sunnfjord kommune skal ha rutinar og løysingar for gjenbruk og sortering av avfall i eiga verksemd. Samarbeide med SUM om utgreiing av moglegheiter for gjenbruk, auka sortering og gjenvinning. Informere om dette. Legge til rette for auka gjenbruk og sortering, og informere innbygarane om dette. Legge til rette for gründerverksemdar som nyttar avfall som ressurs. Etablere møteplass mellom handelsnæring og forbrukarar.	Kopling til tema i plandelen	Forbruk og avfall Klimakunnskap og klimakommunikasjon Næringsliv og teknologi Landbruk
		Kostnad og finansiering	Renovasjonsgebyr Tilskotsordningar
		Kritiske suksessfaktorar	Stilling som klimakoordinator
		Start og slutt	Kontinuerleg

Tiltak 24: Utarbeide strategi for klimakommunikasjon

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk	Sunnfjord kommune er ein føregangsaktør når det gjeld å kommunisere klimaomstilling.	Kopling til tema i plandelen	Klimakunnskap og klimakommunikasjon
		Kostnad og finansiering	
		Kritiske suksessfaktorar	Klimakoordinator
		Start og slutt	2021



Tiltak 25: Arrangere klimakampanjar og utarbeide informasjon om klima frå Sunnfjord kommune

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk / stab	Sunnfjord kommune skal gi kunnskapsbasert informasjon og legge til rette for at folk kan ta gode klimaval. Kampanjar og portalar skal vere gjennomarbeidde. Synleggjere gode eksempel. Enova og Oljefri sine tilskotsordningar er ikkje godt nok kjente blant innbyggjarane, og vi må bidra til å marknadsføre desse.	Kopling til tema i plandelen	Klimakommunikasjon
		Kostnad og finansiering	
		Kritiske suksessfaktorar	Klimakoordinator
		Start og slutt	Kontinuerleg

Tiltak 26: Etablere stilling/ansvar som klimakoordinator i Sunnfjord kommune

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk	Klimaarbeidet i kommunane må koordinerast betre enn i dag. Det er uklart kven som har ansvar for arbeidet, og det blir for lite prioritert. Eiga stilling / eige ansvar som klimakoordinator kan løyse dette. Denne stillinga kan orientere seg om aktuelle tilskotsordningar og jobbe aktivt for å auke budsjetttrammene for ulike tiltak. Koordinatoren skal koordinere klimaarbeidet, leie den tverrfaglege klimagruppa, sikre at det blir arbeid med klimatilpassing og klimaomstilling i kommunen, og vere pådrivar og initiativtakar til kampanjar. Stillinga skal også medverke til å auke kunnskapen om klimatilpassing og klimaomstilling i Sunnfjord kommune.	Kopling til tema i plandelen	Alle
		Kostnad og finansiering	Økonomiplan Tilskotsmidlar
		Kritiske suksessfaktorar	Finansiering av stillinga
		Start og slutt	Start i 2020, deretter kontinuerleg



Tiltak 27: Etablere tverrfagleg klimagruppe Sunnfjord kommune

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk	Sunnfjord kommune opprettar ei tverrfagleg klimagruppe med representantar frå dei ulike avdelingane. Forventingar til gruppa: - revidere interkommunal plan for klimaomstilling - utarbeide strategi for klimakommunikasjon - vere fagleg ressursgruppe og gi rettleiing i klimaspørsmål som gjeld eiga verksemd - vere internt møtepunkt for erfarings- og kunnskapsdeling knytt til klimaarbeidet - delta i regionale nettverk	Kopling til tema i plandelen	Alle
		Kostnad og finansiering	
		Kritiske suksessfaktorar	At klimakoordinator blir oppretta
		Start og slutt	Start i 2020, deretter kontinuerleg

Tiltak 28: Gjennomføre årlege ungdomsseminar om klima

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk	Formålet med seminaret er å skape merksemd og auke kunnskapen om klimaendringane blant ungdom. Samarbeide med ungdomsrådet.	Kopling til tema i plandelen	Klimakunnskap og klimakommunikasjon
		Kostnad og finansiering	Tilskotsmidlar
		Kritiske suksessfaktorar	At klimakoordinator blir oppretta Engasjement frå Ungdomens bystyre
		Start og slutt	Start i 2020, deretter kontinuerleg

**Tiltak 29: Utarbeide tverrfaglege skuleopplegg for berekraftig utvikling og klima**

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: skule	Berekraftig utvikling er eitt av tre tverrfaglege kjerneelement i den overordna delen av læreplanen og skal innførast i 2020. Skulesektoren skal utvikle kjerneelementet berekraftig utvikling i dei nye læreplanane gjennom prosessar på skulane. Målet er at kvar skule skal utarbeide tverrfaglege opplegg for berekraftig utvikling med fokus på klima, til dømes: • klimarelaterte valfag • bruk av naturen og lokale gardar i undervisning • klima- og miljøfokus i elevbedrifter og ungt entreprenørskap I arbeidet med kommunen sin plan for kompetanseutvikling i grunnskulen skal ein vurdere lærarane sitt behov for ny klimakunnskap og kompetanse til å følge opp det overordna målet i læreplanen om berekraftig utvikling.	Kopling til tema i plandelen	Klimakunnskap og klimakommunikasjon
		Kostnad og finansiering	
		Kritiske suksessfaktorar	Engasjement frå tilsette i skulane
		Start og slutt	Start i 2020, deretter kontinuerleg

Tiltak 30: Systematisere tilgjengeleg informasjon og statistikk om forbruk, avfall, klimatilpassing og klimaomstilling

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk	Det finst mykje informasjon om forbruk og avfall, klimatilpassing og klimaomstilling som er tilgjengeleg for kommunane. Vi kan mange stader få ut tilpassa informasjon på kommunenivå. Problemet er at vi har for lite kunnskap om kva informasjon vi kan finne, og kor vi finn han. Informasjonen ligg mange ulike stader. Å få systematisert denne informasjonen vil gjere tilgangen lettare for både tilsette innbyggjarar.	Kopling til tema i plandelen	Alle
		Kostnad og finansiering	
		Kritiske suksessfaktorar	Klimakoordinator
		Start og slutt	Start i 2020



Tiltak 31: Utarbeide strategi for klima og energi i Sunnfjord kommune

Ansvar	Innhald		
Kommunalsjefnivå: teknisk	Utarbeide strategi med utgangspunkt i «bør-krav» (jf. 3.1 b og c) i SPR for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (vedlegg 3). Strategien bør utarbeidast i samarbeid med sentrale aktørar innan produksjon og forsyning. Inngå partnarsskap/forum med aktuelle aktørar (klimapartnerar).	Kopling til tema i plandelen	Alle
		Kostnad og finansiering	
		Kritiske suksessfaktorar	Samarbeid med fylkesmannen, fylkeskommunen, bondelagsorganisasjonar, energiselskap og NVE
		Start og slutt	Start i 2020